

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Stein Kittelsen
Arkivsaksnr.: 16/4238 - 5

Arkiv: 030 &27

Planlagt behandling:

Formannskapet
Kommunestyret

DIGITALISERINGSSTRATEGI

Bakgrunn for saka:

Regjeringa har som ein del av satsinga på fornying, forbetring og forenkling auka fokuseringa og satsinga på digitalisering av offentlege tenester. Dette er m.a. omtalt i digitaliseringsrundskriva H17-15 og H9-16.

I samarbeid med KS og kommunar har staten etablert felles løysingar og infrastruktur som grunnlag for arbeidet med digitalisering av kommunale tenester (digitale felleskomponentar m.m.).

Rådmannen sette i starten av 2017 ned ei arbeidsgruppe med medlemmar frå etatar/tenesteområde, IT-avdeling, tillitsvalde og rådmannens leiargruppe. Gruppa har gjennomgått planar i andre kommunar og utarbeidd strategi med tilhøyrande handlingsplan.

Vidare saksgang:

Strategien vert lagt fram til behandling i formannskap og kommunestyre. Handlingsplanen vert ajourført løpande. Handlingsplan pr. 15 mai 2017 er vedlagt til orientering. Handlingsplanen vert følgt opp på dei nivå i organisasjonen kor tiltaka høyrer heime.

Det er forslag om å opprette eit digitaliseringsråd (dRåd) med medlemmer frå sektorane for å følge opp handlingsplanen på vegne av rådmannen. dRådet vert oppnemnt når strategien er vedteken av kommunestyret.

Vurdering:

Rådmannen vil peika på at digitalisering er eit av dei viktigaste verkemidla for betre og rimelegare tenester dei neste åra.

Klepp kommune er ein organisasjon med eit mangfald av tenester og kompleks samhandling med andre offentlege instansar og innbyggjarar. IKT-messig er Klepp kommune også kompleks og tett samanvevd med andre aktørar og leverandørar. Det finnes difor ikkje ein enkelt veg for å lukkast med digitalisering. Skal vi lukkast må vi sjå etter nye moglegheiter i systema vi har, bytte ut system, og aktivt bruka «nasjonale felleskomponenter» (eks. Altinn, SvarInn).

Samspelet mellom organisering (leiarar, tilsette), prosessar og teknologi er viktig for å lukkast med digitale tenester. Kompetanseutvikling i digitalisering hos leiarar og tilsette vert difor prioritert framover.

Økonomiske konsekvensar:

Det er lagt til grunn at gjennomføringa av tiltaka i planen skal skje innafor dagens økonomiske rammar. Den skal bidra til ein opnare kommune, betre tenester/forvaltning, og enklare samhandling internt, og mot innbyggjarar/brukarar/folkevalde.

Digitalisering er viktig for å redusera kostnader, men kostar ofte mykje tidleg i prosessen før «gevinstane» kjem. Rådmannen foreslår derfor at det vert overført 5 millionar frå

kommunens disposisjonsfond til eit nytt digitaliseringsfond. Fondet er eit verkemiddel for raskare omstilling. Avdelingar kan «låna» middel i ein overgangsfase, med tilbakebetaling over 5 år til fondet, og varig trekk i ramen.

Tiltak i handlingsplanen som er så store at dei treng politisk behandling vert lagt fram som eigne saker, eller innarbeidd i budsjett/økonomiplanen.

Vedlegg:

Digitaliseringsstrategi
Handlingsplan digitalisering

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

1. Digitaliseringsstrategien vert godkjent.
2. Det blir overført 5 millionar frå disposisjonsfondet til nytt digitaliseringsfond. Rådmannen får fullmakt til å disponera fondet i samsvar med vedtatt strategi.
3. Handlingsplanen tas til orientering.

Rådmannen i Klepp 24.05.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.